



Kvinnherad kommune
Fellestenester
Politisk sekretariat

201502342-18

kt/nny

Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL
Tel: 53483100
Fax: 53483130
Org. nr: 964 967 636
Bankgiro: 3460.07.000083
post@kinnherad.kommune.no
www.kinnherad.kommune.no
facebook.com/kinnherad

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo



Saksbehandlar
Karin Thauland

Tlf. direkte innval
90978556

Vår ref.
2006/2098-19

Dykkar ref.

Dato
21.09.2016

Kraftutbygging - kraftverk Tveitelva - Mauranger

Kvinnherad formannskap hadde saka føre i møte 8.9.2016 som sak 2016/74.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Med helsing

Bente Høyland
Møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Kopi til:
Karin Thauland

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2006/2098-16

Saksbehandlar

Karin Thauland

Saksgang

Saksnr **Utval**

2016/74 Formannskapet

Møtedato

08.09.2016

Uttale : Kraftutbygging - Overføring av Reppaelva til Tveitelva - Mauranger

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad formannskap meiner at ulempene med overføring av Reppaelva til Tveitelva kraftverk AS i høve til natur- og kulturlandskapsverdiane er større enn dei samfunnsmessige føremonene og rår i frå utbygginga.

Behandling i Formannskapet den 08.09.2016

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ OVE LEMICKA(FRP) OG LEIF SVERRE ENES(H):

Kvinnherad formannskap meiner at dei samfunnsmessige føremonene ved å gjennomføra den omsøkte utbygginga er klart større enn ulempene i høve natur- og kulturlandskap. Ein rår difor til at utbygginga får innvilga omsøkt konsesjon.

Røysting: Fem røysta for nytt framsett forslag, og fire for innstillinga til rådmannen(Hilde Enstad(Ap), Gretha Rød(Ap), Gerd Laura Bondhus(Sp), Marit Årthun(Krf).

Vedtak frå Formannskapet den 08.09.2016

Kvinnherad formannskap meiner at dei samfunnsmessige føremonene ved å gjennomføra den omsøkte utbygginga er klart større enn ulempene i høve natur- og kulturlandskap. Ein rår difor til at utbygginga får innvilga omsøkt konsesjon.

Saksutgreiing:

Frå NVE har kommunen fått konsesjonssøknad for overføring av Reppaelva til Tveitelva kraftverk AS . Elva ligg i Nordepollen innerst i Maurangerfjorden i Kvinnherad kommune. Den renn ut i fjorden om lag 400 m aust for utløpet av Tveitelva.

NVE skal handsame søknaden etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal også vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover».

Søknaden med vedlegg vart lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker. **Høyringsfrist er sett til 23.9.2016.** Kvinnherad kommune er høyringspart og skal spesielt vurdera utbyggingsplanane i høve til kommuneplan og elles gje ei kort framstilling av lokale interesser knytt til prosjektet.

I kommunedelplanen for Mauranger-området, som vart vedteken i 2005, er området som er omfatta av kraftutbyggingsplanane vist som LNF.

Tveitelva kraftverk AS vart sett i drift i 2011, og er eit heileigd datterselskap av SKL Produksjon AS. Kraftverket gir ein årleg middelproduksjon på 11,11 GWh.

Dei ønskjer i denne søknaden å etablere eit inntak på kote 370 i Reppaelva og overføre vatn derifrå gjennom ei nedgrave røyrgate til eksisterande inntak på kote 240 i Tveitelva. Røyrgata vil ha ei lengde på om lag 840 meter og det er planlagt ein permanent skogsbilveg i traseen. Overføringa vil auke produksjonen i Tveitelva kraftverk med 3 GWh. Tiltakshavar planlegg eit slepp av minstevassføring på 34 l/s i perioden 1.5.-30.9. og 6 l/s i perioden 1.10.-30.4., noko som tilsvrar dei oppgitte 5-persentilane.

Inntaket vert bygd rett under den øvste Reppafossen, og vil soleis ikkje påverke det øvre fossefallet

Utbyggingskostnad er rekna til kr 9,6 millionar. Det gir ein utbyggingspris på kr 3,20 pr kWh, som vert rekna som ein rimeleg kostnad.

Kraftverket er dimensjonert for å ta imot den planlagde overføringa. Søkjar definerer tiltaket som eit OU-prosjekt (opprustning og utviding av eksisterande anlegg). Klima og Energiplan for Hordaland har målsetting om auka produksjon av fornybar energi.

I Fylkesdelplan for små vassverk i Hordaland 2009-2021 heiter det:

Mauranger- Varaldsøy delområde har stort potensiale for småkraft. Området hører til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep fra sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep.

Reppaelva er ikkje tidlegare regulert. Den er den siste elva i Nordrepollen som er utan inngrep.

Området rundt Reppaelva er dominert av skog og eldre beitemark.

Både øvre og nedre del av Reppafossen er markert landskapselement og er godt synleg frå store deler av Maurangerfjorden. Nedre del av elva, som vil få redusert vassføring, renn gjennom gamalt kulturlandskap med slåtteengar. To kvernhus står framleis at langs strekninga.

Økonomisk konsekvens:

Samfunnsmessige verknader av kraftutbygginga er styrking av næringsgrunnlaget for grunneigarane og skatteinntekter til det offentlege

Den omsøkte utbygginga vil tilføra kommunen og lokalsamfunnet inntekter. Vegen skal og nyttast til uttak av skog/ved.

Miljømessig konsekvens:

Miljømessige verknader er i konsekvensutgreiinga vurdert som middels negative.

Reppaelva utgjer eit viktig innslag i kulturlandskapet , og er i dag er i dag godt synleg frå fjorden. Inngrepet med sterkt redusert vassføring og vegbygging vil føre med seg negative konsekvensar

Samla vurdering

Kommunen ser positivt på at aktuelt vasskraftpotensiale vert utnytta når det ikkje fører til særlege ulemper. Den omsøkte overføringa fører til auka inngrep og kan vera konfliktfylt sett i høve til natur- og kulturlandskapsverdiane i området. Rådmannen meiner at ulempene med utbygginga er større enn dei samfunnsmessige føremonene, og rår i frå utbygginga.

Det bør i tilfelle utbygging vurderast grundig om den føreslegne minstevassføringa er tilstrekkeleg til å ivareta opplevingsverdien som elva har.

Vedlegg:

Høyringskriv- Søknad om overføring av
Reppaelva og tilleggsundersøking av fisk.